

## PRESSEMELDING

### ALSAKER KONSERN I 2010

**Alsaker-konsernet, som er konsernselskapet til Alsaker Fjordbruk, fekk eit driftsresultat på kr 245 millionar i 2010. Med ein omsetnad på 807 millionar gir dette ein driftsmargin på 30,4 %.**

Konsernet sin omsetnad auka med kr 139 millionar, frå kr 668 millionar i 2009 til kr 807 millionar i 2010. Auken i omsetnad kjem frå auke i både slaktevolum og salspris på laks.

Resultat før skatt enda på kr 241 millionar, mot kr 183 millionar i 2009. Dette er ein auke på kr 58 millionar.

Alsaker er eit vertikalintegrrert oppdrettskonsern med produksjon av laks. Konsernet dreiv i 2010 5 smoltanlegg, 2 matfiskkonsesjonar og eit slakteri.

I juli 2010 kjøpte konsernet A/L Nordsjø på Bømlø med 2 matfiskkonsesjonar for laks. Desse er inkludert i dei 22 konsesjonane.

Produksjonen i konsernet skjer i 13 kommunar: Bømlø, Etne, Fusa, Kvam, Kvinnherad, Meland, Sveio og Tysnes i Hordaland, samt Haugesund (Røvær), Rennesøy, Suldal, Tysvær og Vindafjord i Rogaland.

I 2010, som ikkje var noko godt år, produserte konsernet omlag 25.000 tonn laks. Kostnader knytt til omstilling og tilpassing til nye soner for brakklegging i Sunnhordland, samt fleire nye utbrot av fiskesjukdomen PD (pancrease disease), har svekka resultatet monaleg.

Etterspørselen etter laks på den internasjonale marknaden har vore god i 2010. Som ein konsekvens av den biologiske situasjonen i Chile, var det globale tilbodet av laks redusert gjennom 2010.

Høgare etterspørsel og lågare tilbod, har ført til betre pris på laksen, noko som også Alsaker-konsernet har nytt godt av i 2010.

Alsaker Konsern		
(Alle tal i mill. NOK)	2010	2009
Sum driftsinntekter	806,7	668,4
EBITDA	294,2	212,9
Driftsresultat	245,3	172,3
Resultat før skatt	240,8	182,9
Resultat etter skatt	173,1	131,2

Konsernrekneskapan for Alsaker er utarbeidd etter norske rekneskapsreglar (NGAAP)

Bokført eigenkapital i konsernet var ved utgangen av året på kr 505 millionar – noko som gir ein eigenkapitalandel på 41 %.

Drifta så langt i 2011 har gått bra. Forsert utslakting av 2009 årgangen av laks, som følgje av dei nye sonene i Sunnhordland, har ført til at slaktevolumet i 1. halvår 2011 vert redusert med om lag 3.000 tonn i høve til opprinnelege planar.

I mai 2011 har konsernet kjøpt alle aksjane i smoltanlegget Bolstad Settefisk AS i Fusa.

Konsernet har gjennom mange år hatt ein fokusert, motivert og stabil arbeidsstokk i alle ledd. Ved utgangen av året hadde konsernet 152 fast tilsette.

\$\$\$\$

Har De spørsmål, eller ynskje om ytterlegare kommentarar, kan De ta kontakt med adm.dir. Gerhard Meidell Alsaker, telefon 53 43 01 10, eventuelt mobil 90 10 5000.